



Rutine for avklaring av ansvar ved innleige/kjøp av arbeidskraft – bruk av vikarbyrå

Godkjend i AMU 14.12.2012

Kommunen sitt ansvar:

- Seljord kommune har personalansvar for innleigd arbeidskraft for den aktuelle perioden.
- Kommunen er pliktig å gje nødvendig informasjon, rettleiing og tilrettelegging for ein best mogleg gjennomføring av oppdraget.
- Kommunen gir informasjon til vikarbyrået gjennom kontaktperson.
- Kommunen er fagleg overordna og er ansvarleg for vikarens daglege arbeid, oppgåver og sikkerheit.
- Kommunen er ansvarleg for å informere vikaren om HMS-systemet, fysisk arbeidsmiljø, sikkerhetsrutinar, brannsikkerheit, og ev. verneutstyr. Dette skal skje fyrste arbeidsdag.

Vikarbyrået sitt ansvar:

- Vikarbyrået er formelt sett vikarens arbeidsgjevar og har personalansvar. Dette omfattar oppfølging og overvåking av arbeidstidsreglane, jmf. arbeidsmiljølova om overtid og kviletid, HMS og andre viktige tilhøve i forholdet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar.
- Vikarbyrået sørger for at Eigenerklæring om HMS-ansvar er fyllt ut. I eigenerklæringa skal det stadfestas at vikarbyrået følgjer krava i helse- miljø- og sikkerhetslovgivinga, og forskrift om systematisk HMS-arbeid i verksemda (Internkontrollforskrifta).
- Vikarbyrået skal stadfeste at dei er lovleg organisert i samsvar med gjeldande skatte- og arbeidsmiljøregelverk, og at dei fylgjer gjeldande tariff når det gjeld tilsettes faglege, sosiale og økonomiske rettar.
- I eigenerklæringa bør det vere eit eige ledd i samband med bruk av utanlandsk arbeidskraft. Kommunen krev at dei same reglane gjeld for utanlands arbeidskraft som for norske arbeidstakarar.
- Seljord kommune reknar med at ev. vikarbyrå sjølv står for kvalitetssikring ved t.d. innhenting av politiattest.